

Ungdomslagsleiar Thomas F. Eide har gjeve ei rask tilbakemelding på den kritiske tilsynsrapporten for Helgheim som branningeniør Stein Kyrre Kvinge kom med.



Thomas F. Eide har gjeve rask tilbakemelding på kritisk branntilsynsrapport.

Han håpar at dei avvika som vart påvist i rapporten no er tilfredsstilt. Eide lovar mellom anna at døra nederst i trapperommet skal bli bytta straks den kjem frå leverandør.

Når det gjeld rømningsvegane ut frå festsal er det montert nye skilt som lyser i mørke. Dørhandtak er også montert og det er merka til ei tredje dør. Her er det også merka med skilt som lyser i mørke. Det er altså no tre rømningsvegar frå festsalen. Det heimelaga skiltet er fjerna.

Eide opplyser ellers i tilbakemeldinga at brannslukningsapparata var på service på Husnes og vart godkjent i førre veka.

Det er laga ny tilsynsperm då den gamle var borte.

Av Ola Matti Mathisen